

Hei og velkomne til nytt skuleår alle saman!



Vi ynskjer alle elevane hjarteleg velkomne til ein flott dag **måndag 18.aug. kl.08.30**. Alltid like kjekt å starte opp - med heilt blanke ark. Dei foreldra som kjenner at det er rett å vere med ei stund utover dagen, er sjølvsagt velkomne til det. Dette gjeld spesielt for dei nye elevane, men kan vere kjekt for andre også.

Det er få endringar i personalet. Det vert 49 elevar ved oppstart dette skuleåret.

Kontaktlærarane dette skuleåret vert:

1.+2.kl. (12 stk.): David Dagestad Myklebust

3.kl. (4 stk.): Veronica Elise Roseth

4. +5.kl (15 stk.): Anette Dagfinrud

6. kl. (5 stk.): Gloria Minkov

7.kl. (13 stk.): Emma Medina Welle

Pedagogisk personale elles vert:

*Svein-Erik Grevsnes (timelærer i matte, engelsk, symjing, kroppsøving, samf.fag, sløyd, fysisk fostring+spes.ped)

*Susanne Finnøy (engelsk, spes.ped og bibliotek/leselærer)

*Øystein Hovland (timelærer i krle, norsk, musikk, mat og helse, uteskule, kroppsøving)

*Solgun Nedreberg (rektor + spes.ped, div.)

Assistentar/SFO-tilsette og andre tilsette vert:

*Renate Olsen, SFO-leiar og assistent i ulike klasser.

*Isabell Engjoberg Øye, SFO og assistent i ulike klasser.

*Svein Erik har også ein vaktmeisterressurs lagt inn i timeplanen, og har ansvaret for lekseykta.

*Iwona Adamczuk er tilsett som reinhaldar.

Leksehjelp:

Også i år vert det tilbod om leksehjelp for alle elevane i **3.-7.kl.** Dette tilbodet er gratis, og vi presiserer at det er eit tilbod og *ikkje* ei plikt. Ganske mange elevar har nytta tilbodet, og vi registrerer at det fungerer godt for dei fleste. Leksehjelpa er organisert på eine klasserommet i 1.etg., og leksehjelpar er Svein Erik. Tilbodet gjeld **måndag-torsdag 14.00-14.30**, og vi ber dei føresette til elevane på desse årstrinna seie ifrå om dei vil at deira elevar skal nytte dette tilbodet, ev. kva dagar det er aktuelt. Det er fint om de gjer det ved å svare på denne e-posten, og eg **ber om svar snarast.**

DIV.INFO

Søknadsskjema til **SFO** ligg på heimesida. Dei som søkte i vår treng sjølvstendig ikkje gjere det ein gong til. Vil minne om at SFO er ein flott arena for frileik og sosial læring. Kanskje spesielt for dei minste (1.-4.kl.), men eldre elevar som treng SFO er også velkomne til å søkje! For mange er det kanskje den einaste arenaen for uorganisert leik og samhandling med andre jamaldringar. Det er opna opp for svært fleksibel bruk av SFO. Det må også seiast at dersom vi skal greie å halde satsane på SFO så lave som dei er, er det viktig at så mange som råd støttar opp om og nyttar tilbodet.

På 1. skuledag vert det berre ettermiddags-SFO. 😊

NB! Frå 1. august 2024 fekk også 3. klassingane 12 timar gratis SFO i veka, så no gjeld dette tilbodet for 1.-3.klasse.

Frå 1. august 2020 var det endring i forskrift til opplæringslova om moderasjonsordningar i SFO. [Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova](#)

Det er ingen frist for å søke, men vedtak gjeld for eit skuleår i gongen. Vedtak gjeld frå første heile månad etter at søknad med nødvendig dokumentasjon er registrert.

Skuleruta er lagt ut på heimesida. <https://amas.pedit.no>.

IST HOME

Skuleadministrativt system som vi skal nytte oss av. Meir info om dette kjem når alt er klart.

INFO OM BETALING AV SKULEPENGAR

Satsane er for komande skuleår kr. 500 pr. mnd. Det er søskenmoderasjon ved fleire born ved skulen. Det er vedteke at alle fam. skal betale skulepengane halvårsvis, og ikkje pr. mnd. Dette lettar faktureringsarbeidet mykje, og er naudsynt med tanke på at

skule- og SFO-økonomien er heilt fråskilde. SFO-fakturaen kjem som før kvar mnd. Det skal betalast for 10 mnd. pr. år, og merk at juli + aug. er betalingsfri (stopp fast trekk!).

Inkludert i skulepengane er mjølk, yoghurt + kornblanding og frukt kvar dag, samt utlegg til turar og andre aktivitetar. (Dette inneber at skulepengane i realiteten er tilnærma lik 0)



Så ynskjer vi **VEL MØTT** til store og små.

Helsing frå rektor

Send ein sms/e-post el. ring om de lurar på noko: 97082963 (Solgun) / 700 60003/47656407 (skulen). aamaas.friskule@tussa.com